



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

UTE AV SYNE, UTE AV SINN

OUT OF SIGHT, OUT OF MIND

**Eline Kvamme**

Kandidatnummer 38

**Stine Hukset**

Kandidatnummer 40

Barnehagelærerutdanning  
Høgskulen på Vestlandet, avdeling Sogndal  
Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett  
Kirsten Flaten  
07.01.2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

*Eg sit her heilt for meg sjølv. Ser ned. Det er ingen som ser på meg, ingen som spør om eg vil leike. Eg tør ikkje gå bort til dei andre barna, er redd for at dei skal sei eg ikkje får være med i leiken. Eg seier til ein vaksen at eg har vondt i magen, har lyst til mamma. “Uff då”, seier den vaksne, “det var ikkje bra, kanskje du vil ... .. STIAN, GÅ NED FRÅ STOLEN! Du kan ramle ned og slå deg”. Den vaksne er vekk, må redde Stian så han ikkje skal ramle ned frå tripp-trapp-stolen, igjen. Eg sit her heilt for meg sjølv. Ser ned. Det er ingen som ser meg, ingen som spør om eg vil leike.*

(Hamre & Flaten, 2017)

# NORSK SAMANDRAG

<b>Tittel:</b> Ute av syne, ute av sinn
<b>Forfattar:</b> Eline Kvamme & Stine Hukset
<b>År:</b> 2019
<b>Sider:</b> 32
<b>Emneord:</b> Innagerende åtferd, sosial kompetanse, åtferdsvanske, barnehage.
<b>Sammendrag:</b> <p>I denne oppgåva har det blitt undersøkt kva innagerande åtferd er, og korleis barnehagane jobbar med å styrke den sosiale kompetansen til barna som viser slik åtferd. Val av metode har vore empirisk i form av kvalitativt intervju, der vi har intervjuet to pedagogiske leiarar og to fagarbeidarar i ulike barnehagar. Vi har vidare drøfta funna i lys av relevant teori.</p> <p>Resultata viser at det er ulike kjenneteikn på barn med innagerande åtferd, men orda tilbaketrekt, stille og usikker går igjen. For å styrke den sosiale kompetanse fokuserar barnehagane på å skape eit sosialt felleskap for alle barna, leik, tryggleik, tillit, meistring og trygge vaksne som kan pushe når det er nødvendig.</p>

# ENGLISH ABSTRACT

<b>Title:</b> Out of sight, out of mind
<b>Authors:</b> Eline Kvamme & Stine Hukset
<b>Year:</b> 2019
<b>Pages:</b> 32
<b>Keywords:</b> Internalized behavior, social competence, behavioral problems, kindergarten.
<b>Summary:</b> <p>In this exercise it has been investigated what internalized behavior is, and how the kindergartens is working to strengthen the social competence of these children. Choice of method has been empirical in terms of qualitative interview. We have been interviewing preschool teachers and two skilled workers. The results are discussed against relevant theory.</p> <p>The results show different characteristics in children with internalized behavior, but the words secluded, silent and unsure is repeated. To strengthen the social competence of these children kindergartens focuses on creating a social fellowship, playing, safety, trust, achievement and trustworthy adults.</p>

# INNHALDSLISTE

<b>Forord</b> .....	<b>s. 6</b>
<b>1.0 Innleiing</b> .....	<b>s. 7</b>
1.1 Val av tema.....	s. 7
1.2 Problemstilling.....	s. 7
1.3 Oppgåvas forankring og oppbygging.....	s. 8
<b>2.0 Teori</b> .....	<b>s. 9</b>
2.1 Åtferdsvanskar.....	s. 9
2.2 Innagerande åtferd.....	s. 10
2.3 Innagerande åtferd som åtferdsvanske.....	s. 11
2.4 Sosial kompetanse.....	s. 12
2.5 Sosial kompetanse og innagerande åtferd.....	s. 14
2.6 Barnehagen som sosial utjamning.....	s. 14
<b>3.0 Metode</b> .....	<b>s. 17</b>
3.1 Kvalitativ metode.....	s. 17
3.2 Intervju.....	s. 17
3.3 Val av informantar.....	s. 18
3.4 Gjennomføring.....	s. 18
3.5 Validitet og reliabilitet.....	s. 19
3.6 Analyse av data.....	s. 19
3.7 Etske omsyn.....	s. 19
<b>4.0 Empiri og drøfting</b> .....	<b>s. 21</b>
4.1 Innagerande åtferd.....	s. 21
4.2 Arbeid med innagerende barn.....	s. 22
4.3 Sosial kompetanse.....	s. 24
4.4 Styrking av sosial kompetanse.....	s. 24
4.5 Barnehagen og sosial utjamning.....	s. 25
4.6 Foreldresamarbeid.....	s. 26
<b>5.0 Avslutning</b> .....	<b>s. 27</b>
<b>6.0 Litteraturliste</b> .....	<b>s. 29</b>
<b>Vedlegg 1: Informasjonsskriv</b> .....	<b>s. 31</b>
<b>Vedlegg 2: Intervjuguide</b> .....	<b>s. 32</b>

# FORORD

Vi er to studentar som er i ferd med å gjennomføre bachelorgrad i barnehagelærer ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Sogndal. Vi har gjennomført ei oppgåve som omhandlar temaet innagerande åtferd og sosial kompetanse. Føremålet var å undersøke kva innagerande åtferd er og korleis ein kan styrke den sosiale kompetansen til barn som viser slik åtferd. Ideen til oppgåva er henta frå ulike styringsdokument for barnehagen, lærebøker og undervisning i spesialpedagogikk. Teamet var noko vi ynskte å få meir innsikt i, og vi er glade for at vi fekk moglegheita til å dukke djupare i temaet. Det har vore ein spennande og lærerik prosess for oss. Vi kan med stoltheit sjå tilbake på eit semester med mykje jobb med datainnsamling og oppgaveskriving. Vi håpar, og trur, at oppgåva representerer den lærdom vi har henta frå tre år på barnehagelærarstudiet.

For å svare på problemstillinga har vi intervjuet to pedagogiske leiarar og to fagarbeidarar i ulike barnehagar. På denne måten fekk vi inn ulike perspektiv på innagerande åtferd og korleis dei jobbar for å styrke den sosiale kompetanse til desse barna. Vi tileigna oss mykje kunnskap gjennom dette, som vi ikkje ville vore forutan. Tusen takk til alle informantar, utan dykk hadde vi ikkje komme i hamn med oppgåva.

Vi ønskjer å rette ein stor takk til rettleiar, dosent Kirsten Flaten ved Høgskulen på Vestlandet som har bistått med rettleiing, hjelp og inspirasjon. Vi vil også rette takk til våre sambuarar som har støtta oss gjennom prosessen. Vi vil også takke familie og venner som har støtta oss og hatt trua på oss gjennom heile studiet. Vi er takknemlige for alt saman!

# 1.0 INNLEIING

## 1.1 Val av tema

Dei stille barna i barnehagen er eit tema vi syns er veldig interessant, då vi begge to brenn for barn som treng litt ekstra hjelp og støtte. Dette er eit område vi begge har lyst å få meir kunnskap om, nettopp fordi at det er eit tema som det ikkje er så mykje snakk om. Med utgangspunkt i våre eigne erfaringar frå praksis i barnehagar ser vi at desse barna ofte blir oversett fordi dei ikkje gjer så mykje ut av seg. Dette er gjerne barn ein må tenkje over om ein har sett i løpet av dagen, og dei vert ofte usynlige i fellesskapet.

Dette er eit viktig tema i barnehagesamanheng fordi den innagerande åtferda er identifisert som ein risikofaktor for utvikling av blant anna angst, depresjon og mobbing seinare i livet (Barsøe, 2017, s. 27). Det er også viktig å tenkje på at enkelte barn kan vere stille av natur og trivast godt med dette, men kan også vere eit uttrykk for at barnet har det vanskelig. Dei stille barna blir beskrivne med ulike omgrep i litteraturen, med omgrep som innagerande, sjenerte, tilbaketrekt, isolert, passiv og engstelig. Vi vel å bruke innagerande åtferd som eit paraplyomgrep for den gruppa barn vi beskriv. Dette er ikkje ei einsarta gruppe og det er viktig å tenkje på at gruppa er samansett av individ med ulike behov, tankar og opplevingar som er knytt til deira innagerande åtferd (Lund, 2004, s. 19).

## 1.2 Problemstilling

***“Kva er innagerande åtferd, og korleis jobbar barnehagane med å styrke den sosiale kompetansen til barna som viser slik åtferd?”***

Problemstillinga gir ei djupare forståing for kva som kjenneteiknar innagerande åtferd og korleis styrke sosial kompetansen til barn som viser slik åtferd. Rammeplanen for barnehagen (2017) legg vekt på sosial kompetanse som ein føresetnad for å fungere godt saman med andre. I barnehagen skal alle barn få erfare å vere viktige for fellesskapet. Det vert også lagt vekt på tilrettelegging av utvikling av vennskap og sosialt fellesskap (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 21). Barnehagen er viktig i møte med barn som viser innagerande åtferd og i utvikling av sosial kompetanse.

### **1.3 Oppgåvas forankring og oppbygging**

Oppgåva vår er bygd på eit sosiokulturelt perspektiv, der ein ser på barna som kompetente og læredyktige. Denne teorien peikar også på viktigheita av voksnes tilstadeverelse og støtte, for at barnet skal utvikle seg (Askland & Satøen, 2013).

I kapittel 1 er ei innleiing der vi gjer greie for val av tema og problemstilling. I kapittel 2 går vi gjennom teori som er relevant for problemstillinga. Her vert gjort greie for kva som ligg i omgrepa innagerande åtferd og sosial kompetanse. I kapittel 3 gjer vi greie for val av metode som er brukt for å svare på problemstillinga. I kapittel 4 legg vi fram empiri og drøftar dette opp mot relevant teori. I kapittel 5 kjem ei avslutning, med svar på problemstillinga.



## 2.0 TEORI

### 2.1 Åtferdsvanskar

Åtferdsvanskar hos barn og unge vert definert som “*problemer knyttet til atferdsmessige avvik i forhold til alderstrinnet og/eller til livsmestring*” (Bø & Helle, 2014, s. 25). Vanskane kan ha ulik alvorlegheitsgrad, frå lette vanskar til meir alvorlege åtferdsforstyringar, og dei kan variere med alder. Åtferdsvanskar rammar om lag eitt eller fleire barn på kvar avdeling i barnehagen. Dette kan vere trassliding, åtferdsliding og/eller ADHD er blant dei diagnosane som har høgast førekomst blant barn (Drugli, 2018, s. 135). Hos barn kan vanskane vise seg i form av: sinneutbrudd, hyling, bråking, slåing eller å ta plass med heile seg (Lund, 2014, s. 22).

Åtferdsvanskar kan ha ulike årsaksforhold. Omsorgssvikt, traume, mobbing, språkvanskar og mistrivsel er døme på risikofaktorar som kan gi utslag i åtferdsvanskar i ulik karakter. Ulike biologiske, psykologiske, sosiale og kulturelle forhold verkar saman og er med på å fremje og hemme barnas utvikling (Pettersen, 2017). Alle barn begynner i barnehagen med ulike erfaringar og føresetnadar.

Det er lite forskning på førekomsten av innagerande åtferd hos barn i barnehagen, men det er mykje som tyder på at omtrent like stor førekomst av utagerande åtferd som innagerande åtferd (Barsøe, 2017, s. 28). Når det gjeld dei innagerande barna, er kjønnsforskjellen ganske lik. Omtrent like mange jenter som gutar slik med denne åtferdsvansken når dei er små, og fleire jenter ved aukande alder (Barsøe, 2017, s. 28).

Kva som er grunnen til at enkelte utviklar åtferdsvanskar er det ulike forklaringar på. Ein kan dele teoriane om utvikling av åtferdsvanskar inn i biologiske, psykologiske og sosiologiske teoriar. Den *biologiske teorien* fokuserer på arv og medfødde disposisjonar. Hans Eysenck (1916-1997) ser personlegdom som summen av ulike trekk. Enkelte har tendens til å vere lite sosiale, stille og passive, medan andre er sosiale, utåt vende og aktive (Lund, 2004, s. 22).

Den *psykologiske teorien* fokuserar på individuelle ulikskapar, medan den *sosiologiske forklaringsmodellen* legg vekt på blant anna oppdragelse, begrensingar og/eller moglegheiter i miljøet og kulturen rundt barnet (Lund, 2004, s. 23). Lund (2004) legg også vekt på at

psykososiale forhold som til dømes omsorgssvikt og sosiale forhold som til dømes dårlig økonomi kan ligge til grunn for at barn utvikle åtferdsvanskar. *“Hvilke konsekvenser dette får for barnet, henger imidlertid sammen med barnets medfødte robusthet og er avhengig av om det finnes trygge voksenpersoner i barnets miljø”* (Lund, 2004, s. 23).

## **2.2 Innagerande åtferd**

Innagerande åtferd definerast som *“innagerande atferd er en benevnelse på en atferd der følelser, opplevelser og tanker holdes og vendes mot en selv. Uttrykk som kommuniseres, kan være sårbar, avvisende, deprimert, tilbaketrukket, angst og usikkerhet”* (Lund, 2014, s. 27).

Vanskelige oppvekstvilkår utgjør ein risikofaktor for innagerande åtferd, men det er viktig å tenke over at dei fleste barn med slike vanskar kjem frå heile vanlege familiar. Det er ulike forhold som kan ligge til grunn for innagerande åtferd, det kan vere: biologiske forhold, miljøpåverknad, læring tidligare i livet og situasjonen her og no (Midthassel, Bru, Ertesvåg & Roland, 2011, s. 21). Sjølv om den innagerande åtferda ikkje er eit problem for miljøet, kan den vere det for barnet sjølv (Lund, 2004, s. 19). Innagerande åtferd vert ofte kjenneteikna av nervøs og hemma åtferd. *“Innagerende barn kan ha personlighetsvansker, de kan vise nevrotiske trekk og angst, de bekymrer seg gjerne overdrevent spesielt i forhold til nye situasjoner, og de kan vise unngåelsesatferd”* (Lund, 2004, s. 20). Åtferda kan vere ein risikofaktor for angst, dårleg sjølvkjensle og einsemd. Dei innagerande barna lengtar etter å bli sett og delta i sosialt fellesskap (Pettersen, 2017).

Nokre av dei innagerande barna kan virke avvisande fordi dei ofte kan ha eit kroppsspråk som kan tolkast på denne måten (Barsøe, 2017, s. 30). Dei usikre barna kan nokre gongar vere vanskelegare å tolke enn dei utagerande fordi dei gjerne prøver å skjule usikkerheiten og frykten dei føler. Dei likar ikkje å bli lagt merke til og kjenner seg vurdert av andre. Dette kan gjer det vanskeleg for dei vaksne å forholde seg til dei (Barsøe, 2017, s. 37). Barnet er altså redd for å gjere ting som fører til at andre legg merke til det, og det er opptekne av å ikkje gjere noko som andre vurderer som dumt (Barsøe, 2017, s. 29).

Innagerande åtferd utgir seg i mangfaldige uttrykk, men kan delast i fire hovudtypar depresjon, angst, psykosomatiske problem og sosial tilbaketrekking (Midthassel et al., 2011, s. 18).

- Depresjon kan kjenneteiknast ved ein djupgåande tristheit og negative forventningar til framtida.
- Frykt redsel og angst er normale reaksjonar på truande hendingar eller omgjevnadar. Slike reaksjonar er nødvendige for å motivere oss til tiltak som er nødvendig for å bevare helse og velvære. Dette kan bli ei utfordring når det vert knytt til forhold som objektivt sett ikkje inneber stor fare.
- Kjensler som frykt, redsel eller tristheit følges ofte av kroppslege reaksjonar som kjensle av kroppsleg uro, spente og vonde musklar, hovudverk og vondt i magen eller mangel på energi og auka søvnbehov.
- Å vere sosialt tilbakehalden eller passiv i interaksjonen med vaksne i barnehagen og andre barn kan vere ei følgje av emosjonelle vanskar som depresjon eller sosial angst.

(Midthassel et al., 2011, s.18-20).

### **2.3 Innagerande åtferd som åtferdsvanske**

Når åtferda går utover barns funksjon i eit sosialt samspel med andre barn og/eller vaksne, blir det snakka om åtferdsvanskar (Drugli, 2018, s. 136). Alle kan vise innagerande åtferd, men når og kvar er det avgjerande for om det kan kallast åtferdsvanske. Når den innagerande åtferda blir vist på feil tid, stad og hensiktsmessig omfang, vert den oppfatta som avvikande (Pettersen, 2017). Problemet er ikkje kvaliteten på åtferda, men kvantiteten. *“En innagerende atferdsvanske kjennetegnes av en viss varighet og intensitet, den bryter med forventet atferd, hemmer læring og utvikling, og hindrer positiv samhandling”* (Pettersen, 2017). Ein innagerande åtferdsvanske kjenneteiknast av ein viss varigheit og intensitet, som bryt med forventa åtferd, hemmar læring og utvikling, og hindrar positiv samhandling med andre.

All atferd påverkast av kontekst og relasjonen til dei vi samhandlar med. Derfor kan den innagerande atferdsvanska vere ulik i heimen og i barnehagen (Pettersen, 2017).

Innagerande atferdsvanskar kan ha sitt utspring frå ulike årsaksforhold. Mobbing, omsorgssvikt, akutte traume, språkvanskar og mistriivsel er døme på mulige alvorlege risikofaktorar som kan gi utslag i atferdsvanskar som innagerande atferd (Pettersen, 2017).

Transaksjonsmodellen er ein paraplyteori som er på utvikling i eit bio-psyko-sosialt perspektiv (Pettersen, 2017). Transaksjonsmodellen sine heilheitlege og sirkulære perspektiv formar ei forståing for kva element som kan bidra til at nokre barn utviklar seg til å bli innagerande. Dette perspektivet vert brukt for å få fram betydinga av kompetente vaksne i barnehagane og kva tiltak og tilrettelegging som vil kunne bidra til positiv utvikling hos barna. Vanskar oppstår i samspel med omgjevningane, betydinga av mellommenneskelege relasjonar er sentralt. Utvikling påverkast av eit dynamisk samspel mellom eigenskapar ved barnet sjølv og dei ulike miljøa barnet er ein del av. Barnehagen sin måte å møte barnet sin atferd på er derfor avgjerande for deira vidare vekst og utvikling. For å ha mogelegheit til å endre barnet sin atferd, må ein rette tiltak mot det miljøet som ein har til felles, som er barnehagen. *“Dette som motsats til tradisjonelt søkelys på årsaker i barnet eller i hjemmeforhold når man har stått ovenfor atferdsvanske,”* (Pettersen, 2017). Ein må ta utgangspunkt i her-og-no-situasjonen som er den vi har mogelegheit til å påverke og finne løysningar på. Uansett årsak i individet er det faktorar i barnehagemiljøet som er med på å oppretthalde vanskane, og dette kan ein gjere noko med for å hindre vidare skeivutvikling (Pettersen, 2017).

## **2.4 Sosial kompetanse**

Drugli (2018) definerer sosial kompetanse slik: *“relativt stabile ferdigheter, kunnskaper og holdninger som fører til mestring av ulike sosiale miljøer, som gjør det mulig å etablere og vedlikeholde sosiale relasjoner, og som fører til trivsel og utvikling”*. Sosial kompetanse er noko som må lærast saman med andre. Denne læringa startar tidlig i det første læreåret til barna (Barsøe, 2017, s. 41). Det som kjenneteiknar å ha sosial kompetanse, er å kunne vurdere kva som er mest hensiktsmessig å gjere og når. Ein kan dele sosial kompetanse opp i tre delar.

1. Den kognitive delen handlar om barnets evne til å forstå den sosiale situasjonen, og kunne analysere kva som er hensiktsmessig å gjere i den situasjonen.
2. Den ferdigheitsmessige delen handlar om kva ferdigheiter barnet har i samhandling med andre.
3. Den motivasjonelle delen handlar om kva grad barnet har lyst til å samhandle med andre.

(Barsøe, 2017, s. 41).

Sosiale ferdigheiter og relasjonar har stor betydning for sosial kompetanse. Lamer (2014) beskriv fem delområder, som alle er like viktige for å utvikle den sosiale kompetansen (Lamer, 2014, s. 20).

- Empati og rolletakning inneber å ha evne til å leve seg inn i andre menneske sine kjensler, tankar og behov. Ein må også ha forståing for andre sitt perspektiv og kunnskap om ulike sosiale relasjonar og roller.
- Prososial åtferd inneber å ha positive sosiale haldningar og handlingar som å oppmuntre, dele med, hjelpe, inkludere, trøste og vise omsorg for andre.
- Sjølvkontroll inneber kunne tilpasse seg fellesskapen og ta hensyn til andre i situasjonar som krev turtakning. Ein må kunne inngå kompromiss og felles avgjersle, følgje reglar og kunne takle konflikhtar. Her er også bevisstheit om eigne kjensler og evna til å forstå vesentlig.
- Sjølvhevdelse inneber å kunne hevde seg sjølv og sine meiningar, vere aktivt deltakande i fellesskapet og ta initiativ til å vere med i leikar, samtalar og ulike aktivitetar.
- Leik, glede og humor inneber å kunne tre ut inn og ut av leikeramma, kunne skilje mellom leik og anna aktivitet, kunne late som og tolke leikesignal frå andre, kunne sleppe seg laus og rive med, spøke og ha det moro, men også glede seg over andre sin meistring.

(Lamer, 2014, s. 20-21)

Det som er særige for sosial kompetanse er at det blir vanskeleg å framhev ein av underkomponentane framfor andre. Det er balansen mellom omtanke for andre og ivaretakingen av seg sjølv som utgjer sjøve kjerna i sosial kompetanse (Sørksen, 2013).

## **2.5 Sosial kompetanse og innagerande åtferd**

Dersom barn skal utvikle god sosiale kompetanse, må dei komme i positiv samvære med andre (Barsøe, 2017, s. 39). Barn som har åtferdsvanskar har ofte problem med å utvikle vennskap til andre barn som er jamngamle, dette på grunn av deira innagerande åtferd, samt at dei ofte viser dårleg sosial kompetanse ved at dei ofte ikkje veit korleis dei skal handtere ulike gode samspelsituasjonar. Barn bør ha gode relasjonar til jamngamle og bygge vennskap, dette er svært viktig for barns utvikling av sosial kompetanse. Dermed er det viktig å undersøkje dette når barn viser til innagerande åtferd. Om barnet viser til innagerande åtferd og dårleg sosial kompetanse, kan det tyde på at barnet treng tiltak som legg vekt på begge delar (Drugli, 2018, s. 122). Barn med innagerande åtferd kan streve med sosiale relasjonar ovanfor både barn og vaksne. Dette kan bli ein alvorleg tilleggsproblem, fordi det å ha vanskar med relasjonar til jamnaldrande aukar sannsynlegheita for ein alvorleg skeivutvikling for barnet på lengre sikt. Ein positiv foreldre-barn-relasjon og/eller ein positiv søskenrelasjon vil vere av stor betydning for auka støtte og anerkjennelse for barn som blir avvist av andre barn. Om barnet ikkje har tilgang til denne støttande og anerkjennande relasjonen og samstundes blir avvist av jamnaldrande, vil barnet vere i ein vanskeleg situasjon (Drugli, 2018, s. 124).

## **2.6 Barnehagen og sosial utjamning**

Ved å tilby eit godt læringsmiljø for alle barn, kan barnehagen bidra til sosial utjamning. Barns utvikling påverkast av foreldra sine levevilkår, utdanning og moglegheiter på arbeidsmarknaden. I eit oppvekstperspektiv handlar sosial utjamning seg om å redusere individuelle ulikskapar når det gjeld prestasjonar, åtferd eller sosial kompetanse (Ogden, 2016, s. 85). Gode barnehagar skal sikre at barn i større grad har same læringsgrunnlag når dei går ut i skulen. Ein viktig del av oppgåva til barnehagen er å hjelpe barn til å utvikle positive sosiale ferdigheiter, som til dømes korleis løyse problem utan å trekke seg unna og unngå andre. Fem områder er sentrale:

1. Ivareta egne behov
2. Utrykkje kjensler med ord
3. Etablere relasjonar med barn og vaksne
4. Bidra til og delta i samarbeidsleik
5. Løyse sosiale konflikhtar

(Ogden, 2016, s. 87)

Eit viktig verkemiddel i arbeid med dette er eit strukturert miljø, strukturerte pedagogiske tiltak og eit innslag av vaksenstyrte aktivitetar. Vaksne kan oppmuntre til prososial samhandling, førebygge konflikhtar, dempe utagerande åtferd eller beskytte dei sårbare og innagerande barna. Dei vaksne kan påverke direkte med råd og rettleiing eller direkte gjennom å strukturere det fysiske miljøet eller sikre balanse gjennom å sette saman barnegrupper (Ogden, 2016, s. 84).

Foreldra er dei viktigaste personane i barnet sitt liv, og er også heilt sentrale å samarbeide med for at barn skal få den hjelpa dei har behov for (Drugli, 2018, s. 172). Familien er sjølve kjernearenaen for førebygging og tiltak retta mot barn. God samarbeid er avgjerande for å lykkast i arbeidet med barnet. Eit ekte samarbeid med foreldre inneber at foreldrene får beskrive korleis dei opplev situasjonen, både i barnehagen og heime, og korleis dei tenkjer at det vil vere best å gå fram. Nesten alle barn med innagerande åtferd utviser dei i relasjonen til foreldra, og dei fleste foreldre til barn med innagerande åtferd strevar med oppdragarrolla (Drugli, 2018, s. 172). Foreldresamarbeid og hjelp frå barnehagen er metodar som gir god effekt på foreldre-barn-samspelet, på barnets innagerande åtferd og sosiale kompetanse, og det fører til at situasjonen heime blir mykje betre. Foreldra får auka tru på eiga moglegheit til å kontrollere barnets negative åtferd, og ikkje minst blir dei etter tiltaka langt meir oppmerksame på barnets positive åtferd og korleis dei kan fremje den (Drugli, 2018, s. 173).

Barnehagen må også søke hjelp frå ulike instansar når dei opplev at kompetansen og dei tiltaka dei har sett i gang, ikkje er tilstrekkeleg for barnet. Det er viktig med tideleg hjelp, og det er viktig å be om assistanse når ein blir usikker på korleis ein best mogleg skal løyse situasjonen. Barnehagen har eit særleg ansvar for å avdekke kva barn som treng hjelp og støtte, samt i kva grad det er behov for tverrfagleg samarbeid. Tverrfagleg samarbeid må vere prega av avklart og felles hensikt, felles, tydelege og realistiske mål, plan med konkrete

delmål, tidsplan og tydeleg leiing (Drugli, 2018, s. 173). Dette kan vere samarbeid med til dømes: Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP), helsestasjon eller barnevernstenesten (Barsøe, 2017, s. 150-152).



## 3.0 METODE

Metode er ein systematisk måte å undersøke ein årsakssamanheng på og/eller skaffe kunnskapsdata, innsikt og forståing på (Bø et al., 2014, s. 190). Val av metode må ta hensyn til kva spørsmål som kjem fram i problemstillinga.

Kvantitative data er data omgjort til tal. Denne forenklinga gjer at ein kan samle inn og behandle store mengder data på ein effektiv måte gjennom ulike statistiske teknikkar (Jacobsen, 2015, s. 65). Kvalitative data er data i form av ord, setningar og uttrykk. Her vert data samla inn gjennom samtalar med menneske, eller gjennom andre former der menneske uttrykker seg munnleg eller skriftleg (Jacobsen, 2015, s. 65).

### 3.1 Kvalitativ metode

Å samle inn kvalitative data vert ofte kalla *open metode*, og der ein forsøker å legge så få føringar som mogeleg på informasjonen som vert samla inn. Den som blir undersøkt skal få uttrykke seg så fritt som mogeleg. Openheit gjer at kvalitative data eignar seg godt til å utforske. På denne måten går ein frå empiri til teori, som er idealet i *grunngeven teori*. Det går i korthet ut på at teoriar skal dannast ut frå det som blir observert, det er empirien som skal danne utgangspunkt for teorien (Jacobsen, 2015, s. 56). Å samle inn kvalitative data høyrer med til ein *induktiv tilnærming* til datainnsamling (Jacobsen, 2015, s. 56).

### 3.2 Intervju

Eit intervju er ein samtale med eit føremål (Ringdal, 2018, s. 215). Opent intervju er ein datainnsamlingsmetode som er kjenneteikna ved at undersøkar og informant samtalar over eit tema. Vanlegvis føregår dette ansikt til ansikt, men det kan også skje over telefon eller e-post (Jacobsen, 2015, s. 87). Fokuset vårt er retta mot kvardagshandlingar, i ein naturlig kontekst. For å gjere dette utvikla vi ein intervjuguide på førehand. Ein intervjuguide er eit grovt manuskript med generelle innleiingsspørsmål, pluss meir konkrete spørsmål som intervjuaren kan ty til dersom dette blir nødvendig (Ringdal, 2018, s. 244). Denne vart testa ut gjennom ein pilotstudie der vi fekk sjå om spørsmåla var gode nok.

Føresetnaden for eit vellykka intervju er at ein som intervjuar skapar tillit hos informanten, og det er derfor viktig at ein som intervjuar opptreer på ein nøytral og ikkje-leiande måte (Ringdal, 2018, s. 245). Som intervjuar bør ein også vere open for informantens bruk av kroppsspråk, og helst notere ned om ein oppfattar spesielle ting undervegs, eller rett etter intervjuet. Ein vurdering av om informanten var samarbeidsvilling, og om det verka som ho/han svara oppriktig høyrer med etterarbeidet (Ringdal, 2018, s. 245).

### **3.3 Val av informantar**

Ein informant er ein person som ikkje sjølv representerer gruppa ein undersøker, men som har god kunnskap om gruppa ein undersøker (Jacobsen, 2015, s. 114). Informantane var pedagogiske leiarar og to fagarbeidarar frå ulike barnehagar. Vi gjorde eit strategisk utval ved at å henvende oss til ulike barnehagar for å finne informantar som hadde jobba tett på barn med innagerande åtferd og sosial kompetanse. Det var ikkje så viktig kva utdanning informantane hadde, men at dei hadde erfaring med tema, då vi var ute etter ulike perspektiv. Målet var å få tak i personen sine tankar og beskrivingar rundt barna med innagerande åtferd og sosial kompetanse. Informantane er anonymisert og koda som A,B,C og D.

### **3.4 Gjennomføring**

Når ein skal foreta intervju er det viktig å ivareta informantane på best mogeleg måte. To av intervjuane vart gjennomført direkte, medan dei to andre vart gjort over telefon. Vi valte å dele ut informasjonsskriv og nokre spørsmål på førehand, fordi informantane ønskte dette. Dei hadde også fått vite tema på førehand, men problemstillinga vart ikkje presentert før intervjuet. Kvart intervju tok ca. 30 minutt.

Ein av oss gjennomførte samtalen med informanten, medan den andre noterte svara. Dette gjorde vi for å kunne fokusere fullt på informanten og slik at samtalen ikkje stoppa opp undervegs grunna notering. Notata hjelpte oss med seinare analyse. Forholda rundt intervjuet har mykje å seie for kvaliteten på samtalen.

### **3.5 Validitet og reliabilitet**

Validitet tyder relevans og gyldighet. Det som målast, må ha relevans og vere gyldig for det problemet ein undersøker (Dalland, 2017, s. 40). I kva grad resultatet er haldbart eller gyldig avheng av kor godt vi er i stand til å gjere reie for vala vi har tatt i løpet av prosessen og kva dei har hatt å bety for resultatet. For å få til dette måtte vi formulere spørsmåla slik at vi fekk svar på det vi ønskja. Vi las teori om tema i førekant av intervju, og hadde dermed skapt tankar om kva som kjenneteiknar dei innagerande barna og den sosiale kompetansen. Det som kan oppstå når ein gjer det på denne måten er at vi har skapt ei førforståing av tema (Dalland, 2017, s. 80). Dette kan også informantane ha gjort når dei fekk vite tema i forkant av intervjuet. Dette kan setje ein del føringar på kva vi fangar opp under sjølve intervjuet, medan den som blir intervjuet har eit heilt anna syn på det.

Reliabilitet tyder pålitelegheit, og handlar om at målingar må utførast korrekt, og at eventuelle feilmarginar vert angitt (Dalland, 2017, s. 40). I eit intervju ligg det ei mogleg feilkjelde i sjølve kommunikasjonsprosessen. Dette handlar om at spørsmålet vert oppfatta riktig eller om intervjuaren har forstått svaret riktig. Dersom meiningsinnhaldet vert endra undervegs i prosessen fører det til redusert pålitelegheit (Dalland, 2017, s. 60).

### **3.6 Analyse av data**

Etter gjennomført intervju vart det markert kva informantane hadde sagt og sett opp mot kvarandre, slik at vi fekk ei god oversikt. Fordi vi hadde alt skriftleg etter intervjuet var det ikkje nødvendig å transkribere i etterkant då dette allereie var gjort. Det var viktig for oss å bevare svara slik dei var opprinneleg. Empiri og drøfting inneheld dei svara og sitata som best representerte det vi spurte etter og det som kunne koblast opp mot problemstillinga. Dette er systematisert i nokolunde same tema som er i teoridelen. Funn om korleis ein kan styrke den sosiale kompetansen til barn som viser innagerande åtferd er samla under fleire tema.

### **3.7 Etiske omsyn**

Når vi tok kontakt med informantane var det viktig for oss å legge vekt på at det var heilt frivillig å delta i undersøkinga, og at dei kunne trekke seg når som helst. Etter dette samtykka informantane på at dei hadde fått info om undersøkinga og at dei ville delta, det som vert kalla informert samtykke (Jacobsen, 2015, s. 33). All informasjon vart anonymisert. Anonymitet

inneber at det skal vere umulig å koble informasjon med opplysningar om enkeltpersonars identitet (Jacobsen, 2015, s. 34). Det har vore viktig for oss å understreke at informasjonen som vert samla inn kun vert brukt til oppgåva og sletta etter at oppgåva er levert.

I den grad det er mogeleg må ein forsøke å gjengi resultat fullstendig og i ein riktig samanheng. Den som har blitt intervjuet har krav på fullstendig gjengjeving (Jacobsen, 2015, s. 36). Det er derfor viktig at ein presenterer data fullstendig der ein meiner det er viktig for å forstå eit resultat. Det ein må unngå er å presentere resultat som er tatt ut av sin samanheng, som informant klart ikkje har meint opprinneleg (Jacobsen, 2015, s. 36).

## 4.0 EMPIRI OG DRØFTING

Empiri er data om verkelegheita. Omgrepet brukast om kunnskap innhenta ved hjelp av systematiske observasjonar og undersøkingar, der ein drøftar resultata og kjem fram til ein konklusjon (Rognsaa, 2015, s. 33).

I følgjande kapittel vert det gitt ein presentasjon og drøfting av resultata. Intervjua besto av refleksjonar og svar frå pedagogiske leiarar og fagarbeidarar, A, B, C og D som bidrog med sine erfaringar frå barnehagen. Vi vil i presentasjonen fokusere på det som er relevant for tidlegare omtalte problemstilling:

*“Kva er innagerande åtferd, og korleis jobbar barnehagane med å styrke den sosiale kompetansen til barna som viser slik åtferd?”*

Informantane sine refleksjonar rundt eigne erfaringar presenterast i drøftinga for å belyse problemstillinga vår. I intervjuet reflekterte dei over kva tankar og intensjonar dei har rundt barn som har innagerande åtferd i barnehagen, og korleis dei skal styrke den sosiale kompetansen til desse barna. Dei reflekterte også over eigne haldningar og eiga praksis angående bruk av foreldresamarbeid, andre tilsette sin kompetanse og tverrfagleg samarbeid. Presentasjonen og drøfting av resultata av intervjuet vil framkomme i inndelte underkapittel. For å få fram heilheita og betre oversikt over informantane sine bidrag i undersøkinga, vert funna presentert og drøfta opp mot oppgåva sitt teoriperspektiv.

### 4.1 Innagerande åtferd

Når informantane vart spurt korleis dei forstår omgrepet innagerande åtferd nemner alle informantane ordet tilbaketrekt, og nokre nemner også orda stille og usikker. Her har vi valt å presenterer alle dei fire informantane sine definisjonar på innagerande åtferd, grunna så ulike oppfatningar og svar.

Informant A definerte innagerande åtferd slik: *“Slik eg forstår det er eit innagerande barn eit stille, tilbaketrukkne barn. Eit barn som held seg for seg sjølv. Snakkar lite, eller ikkje i det heile tatt. Barnet er usikkert, sårbart og viser lite av seg sjølv”*.

Informant B seier det slik: *“Innagerande åtferd kan sjåast som ei åtferd der kjensler opplevingar og tankar haldast og vendast innover mot seg sjølv. Barnet ser seg sjølv som lite verd, og trur at deira tankar og innspel ikkje er verdifulle i samspel med andre”*.

Medan informant C uttrykk seg på denne måten: *“Det stille inneslutta barnet, som held sine kjensler for seg sjølv. Kan vere vanskelig å tyde korleis barnet har det. Sjeldan eller aldri i leik med andre barn, tar lite kontakt med andre”*.

Informant D beskriv omgrepet slik: *“Med innagerande åtferd så tenker eg på dei barna som får lite merksemd i barnehagen, dei stille og sjenerte barna som ikkje er til plage for andre barn og som ikkje gjer så mykje ut av seg, lagar aldri bråk og held seg i bakgrunnen”*.

Svara til informantane peikar i retning av det Lund (2004) skriv, om at den innagerande åtferda ikkje er eit problem for miljøet, men kan vere det for barnet sjølv. Dei er også innom kjenneteikn som nervøs, hemma- og unngåande åtferd, slik som Lund (2004) også beskriv desse barna. Informantane legg også vekt på at desse barna får litt merksemd i barnehagen, og at dei tek lite kontakt med andre barn eller vaksne. Dei uttrykk også at desse barna gjerne ser på seg sjølv som lite verd i samspel med andre. Dette peikar i retning av det Barsøe (2017) skriv, om at dei innagerande barna kan verke avvisande grunna eit kroppsspråk som kan tolkast på denne måten. Dette kan gjer det vanskeleg for både vaksne og barn å forholde seg til dei. Desse barna likar ikkje å bli lagt merke til og kjenner seg ofte vurdert av andre, og vel derfor å halde seg i bakgrunnen.

#### **4.2 Arbeid med innagerande barn**

Alle informantane svarer på at dei har møtt barn i barnehagen med innagerande åtferd, men syns det er vanskeleg å legge merke til dei i ein vanleg barnehagekvardag. *“I ein travel*

*kvardag kan eit slikt barn få mindre merksemd enn det eit utagerande barn får. Dette er noko vi prøver å unngå, men som vi likevel veit kan skje,*” seier informant A. Dei legg vekt på at ingen barn er like og treng individuell hjelp. Alle informantane seier at det er krevjande å jobbe med desse barna, og meiner at ein må vere gode på relasjonsarbeid når ein skal støtte dei innagerande barna. Informantane B fortel: *“Ein må tole som vaksen å bli avvist av barnet, utan å sleppe taket. Den vaksne må ta leiinga, bekrefte at dette kan vere vanskeleg, men vi beheld optimismen og hjelp barnet fram”*. Informantane uttrykk også at det kan vere utfordrande å tolke teikn frå desse barna. *“Det er viktig å vere ein varm vaksen som tar barnet sin sårbarheit på alvor samstundes som ein positivt leiar barnet vidare framover i passe dosar med pushing,”* seier informant B.

*“Eg har opplevd at eit innagerande barn torer å snakke med andre barn i leiken, men i andre situasjonar er heilt stille,”* seier informant A. Informantane uttrykk også at den største utfordringa i å jobbe med desse barna er å nå inn til dei og gi dei sjølvtilitt, og få dei så trygge at dei torer å vise litt av seg sjølv. Dei trekk også fram dette å ha for lite ressursar, og prøve å skape tid og rom for å kunne ha den gode interaksjonen med barnet. Informantane B seier: *“Det er også satt for lite fokus på denne typen utfordringar nettopp fordi dei blir oversett”*.

Det kjem fram her at informantane syns det er utfordrande å jobbe med desse barna. Dette grunna at barna er stille, tilbaketrekte og held seg i bakgrunnen. Oppfatninga informantane har av dei innagerande barna blir støtta av Lund (2014). Ho peikar på at den innagerande åtferda kan føre til nettopp det informantane beskriv, at barna trekk seg vekk, vender kjensler mot seg sjølv, gir uttrykk for usikkerheit og tek lite plass. Det samsvarar også med Barsøe (2017) sin teori som viser til at innagerande barn kan verke avvisande fordi dei ofte har eit kroppsspråk som kan tolkast på denne måten, og at dei kan vere vanskelege å tolke. Dette gjer at det kan vere vanskeleg for dei vaksne å forholde seg til dei. Det informantane gjer uttrykk for støttar det Pettersen (2017) viser til, at all åtferd påverkast av kontekst og relasjonen til dei vi samhandlar med. Derfor kan den innagerande åtferdsvanska vere ulik grunna kontekst og relasjon.

### 4.3 Sosial kompetanse

Alle informantane beskriv at sosial kompetanse blir lært gjennom leik og samspel med dei andre barna og dei vaksne i barnehagen. Dei legg til at barn med innagerande åtferd ofte ikkje oppnår denne kompetansen grunna lite initiativ i samspel med andre barn i leik. Informant B seier: *“Det er kanskje ikkje så gøy for andre barn å leike med dei som ikkje har noko innspel, som ikkje finn på noko eller tar initiativ til noko i samspelet”*. I tillegg avsluttar informanten B med å seie: *“Det å vere taus i kommunikasjonen er ein sterk kommunikasjon som påverkar omgjevnaden”*. Informantane legg vekt på at sosial kompetanse handlar om kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Informantane A seier: *“Nokre barn som ikkje heilt forstår eller klarar det sosiale samspelet med andre, brukar ofte kniping, biting og slåing med meir”*. Informantane gir uttrykk for at barn med innagerande åtferd strevar med å komme i kontakt og leik med andre barn, og blir ofte ståande på sidelinja. *“Det er vanskeleg for andre barn å få kontakt eller leike med dette barnet fordi det ikkje tek noko initiativ,”* seier informant C.

Oppfatningane informantane har av den sosiale kompetansen til dei innagerande barna peikar i retning av det Drugli (2018) beskriv, at barn med innagerande åtferd strevar med sosiale relasjonar ovanfor barn og vaksne. Ho beskriv også at barn som ikkje har tilgang til ein støttande og anerkjennande relasjon og samstundes blir avvist av jamnaldrande vil komme i ein vanskeleg situasjon. Drugli (2018) legg også vekt på at barn med innagerande åtferd ofte har problem med å utvikle vennskap til andre barn grunna den dårlege sosiale kompetansen. Dei veit ofte ikkje korleis dei skal handtere dei gode samspelssituasjonane. Dette er også informantane innom når dei beskriv dei innagerande barna sin sosiale kompetanse. Det informantane uttrykk peikar også i retning av det Sørksen (2013) beskriv, at det som er særeige for den sosial kompetansen er at det blir vanskeleg å framheve ein av underkomponentrane i sosial kompetanse framfor dei andre.

### 4.4 Styrking av sosial kompetanse

Då vi spurte informantane om kva dei arbeidar med for å styrke den sosiale kompetansen til barna som strevar med dette, svarte alle informantane med orda tryggleik og tillit. Barnet skal føle seg trygge i barnehagen ved å ha ein trygg vaksen til stades som kan vere med i leik saman med barnet. Tre av dei fire informantane nemner å arbeide med dette i små



barnegrupper, der barnet får gode opplevingar saman med andre barn. *“Vi må gi moglegheit til å øve på samspel og kommunikasjon i små grupper, der ein er støttande og nær i samspelet,”* seier informant D. Informantane legg også vekt på å sikre barnet suksess som gjev barnet meistring og igjen medfører til auka samspelskompetanse. Informantane seier også at det er viktig å støtte og hjelpe desse barna til å komme i leik med andre barn. Alle legg vekt på at vaksenkontakt er viktig for å hjelpe barna med innagerande åtferd, og nemner at for lite ressursar og kompetanse gjer arbeidet vanskelig. *“For å hjelpe dei innagerande barna bør vi ha meir personale i barnehagen slik at vi har meir tid til kvart enkelt barn. Vi vaksne treng også meir kunnskap om kva vi skal gjer for å støtte og hjelpe desse barna,”* seier informant D.

Det kjem fram her at informantane legg vekt på at sosial kompetanse vert lært gjennom samspel med andre. Dei definerer sosial kompetanse om å samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Oppfatninga informantane har av sosial kompetanse peikar i den retning det Drugli (2018) seier om at gode relasjonar og samspel er viktig for barns utvikling av sosial kompetanse. Ho legg også vekt på at mangelen på sosial kompetanse kan få barnet opp i vanskelege situasjonar. Informantane legg også vekt på betydinga av tryggleik, trygg vaksen og leik i smågrupper. Det blir støtta av Ogden (2016) som seier, at viktige verkemiddel i arbeidet med innagerande åtferd kan vere vaksenstyrte aktivitetar og vaksne som kan førebygge prososial samhandling, førebygge konflikhtar eller beskytte dei sårbare og innagerande barna. Dei vaksne kan påverke direkte med råd og rettleiing eller direkte gjennom å sette saman barnegrupper.

#### **4.5 Barnehagen og sosial utjamning**

Vi spurte også om det blir sett i gang tiltak. Ein av informantane trekk fram kartlegging som ein ressurs for å sjå på miljøet kring barnet og kvardagen. To av dei fire informantane seier det er viktig å ha god dialog og samarbeid saman med føresette, og at råd frå helsestasjonen kan bidra til det betre. To av fire informantar seier at etter kor stor grad det pregar barnet, kan ein eventuelt tilmelde hjå BUP. Informant A fortel: *“Vi set opp for korleis vi skal jobbe framover, og vi søker hjelp dersom det trengst. BUP er flinke, og der får vi mykje hjelp”*. PPT blir også nemnt som ein ekstraressurs blant to informantar. Informant C seier det slik: *“Om ein føler at ein ikkje kjem nokon veg, og at ein føler at ein har prøvd “alt” så kan det vere lurt å få rettleiing frå til dømes: PPT”*. Det er viktig med tidleg hjelp om barnehagen føler at kompetansen og tiltaka ikkje blir tilstrekkeleg for barnet. God samarbeid er

avgjerande for å lykkast i arbeid med dei innagerande barna. *“Andre kollegaer i barnehagen kan vere til god hjelp, vi har alle vore borti ulike barn. Det er viktig å kunne be om hjelp når det trengst,”* nemner informant A.

Det kjem fram her at informantane ser viktigheita av tverrfagleg samarbeid med andre instansar utanfor barnehagen. Dette peikar i retning av det Barsøe (2017) beskriv, at barnehagen må søkje hjelp frå andre instansar når dei opplev at kompetansen og dei dei tiltaka dei har sett i gang, ikkje er tilstrekkeleg for barnet. Ho legg også vekt på at det er viktig med tideleg hjelp til barnet. Det informantane beskriv peikar også i retning av det Ogden (2016) skriv om at tideleg hjelp er viktig. Han beskriv at dette er viktig for å kunne oppmuntre til prososial samhandling, førebygge konflikhtar, dempe utagerande åtferd eller beskytte dei sårbare og innagerande barna. Ein vaksen som bidrar med direkte råd og rettleiing er viktig for å kunne oppnå dette.

#### **4.6 Foreldresamarbeid**

*“Det er og veldig viktig at vi har ein god dialog og samarbeid med heimen til barnet,”* seier informant A. Informantane legg vekt på viktigheita av foreldrerettleiing og god dialog med foreldra undervegs. *“Ein må ha eit godt samarbeid med foreldre, og alle rundt for at alle skal jobbe mot same mål,”* seier informant B. Informantane uttrykk også at det gode samarbeidet med foreldra er avgjerande for å lykkast med arbeide med barnet, og legg vekt på at foreldra er dei viktigaste personane i barnet sitt liv. *“Det vil vere enklare å oppnå gode resultat vi samarbeider godt med foreldra til barnet,”* seier informant A.

Dette peikar i retning av det Barsøe (2017) beskriv, at foreldra er dei viktigaste personane i barnet sitt liv, og at samarbeidet må fungere godt for å lettare oppnå gode resultat. Det inneber at foreldra får tenkje over kva som vil vere best å gå fram med i forhold til situasjonen både i barnehagen og i heimen. Det peikar også i retning av det Drugli (2018) beskriv, at det er heilt sentralt å samarbeide med foreldra for at barna skal få den hjelpa dei har behov for.

## 5.0 AVSLUTNING

Vi har gjennom denne oppgåva prøvd å svare på problemstillinga: *“Kva er innagerande åtferd, og korleis jobbar barnehagane med å styrke den sosiale kompetansen til barna som viser slik åtferd?”*

Det som kom fram i intervjuet var at informantane definerer innagerande åtferd på ulike måtar, og beskriv denne åtferda med ulike kjenneteikn. Informantane var opptekne av at ingen barn er like og at det er individuelle forskjellar på alle barn, men alle informantane bruker ordet tilbaketrekt som kjenneteikn på desse barna, og nokre nemnte også orda stille og usikker. Dermed kan vi sjå at det er ulike kjenneteikn på barn med innagerande åtferd.

Alle informantane meinte at dei innagerande barna viste dårlig sosial kompetanse. Dei peikar på at barna med denne typen åtferd ofte tek lite initiativ til leik og sosial samhandling med andre. Funna våre gir ei forståing av at vaksenkontakt er viktig, dei skal vere ei støtte, ein inspirator og ein vegvisar, der målet er å få dei inn i det sosiale fellesskapet og leik med andre barn. Informantane legg vekt på at ein må vere ein autoritativ vaksen som responderer til barnets behov, med stor grad av tilstadeverelse i barnegruppa og fangar opp signal. Eit gjennomgåande syn i denne undersøkinga er støtte og sensitivitet der den vaksne veit kva teikn den skal sjå etter. Dei legg også vekt på at barn lærer gjennom leik og samspel med andre. Det verkar som barnehagane som er representert i denne oppgåva er flinke til å dele barnegruppa i små grupper, dette for å sikre tryggleik og tillit. Her legg dei også vekt på viktigheita av ein trygg vaksen som kan vere med å sikre suksess og meistring ved hjelp av vaksenkontakt. Eit gjennomgåande syn i denne undersøkinga er at tryggleik og tillit har mykje og sei for styrkinga av den sosiale kompetanse, og at det er den vaksne sitt ansvar. Den vaksne må ta leiinga og hjelpe barnet fram. Det må leggest til rette for inkludering, gode opplevingar, og positive kjensler. Det er ein balansegang med avventing og pushing på same tid. Dei legg vekt på at det er viktig å skape forventingar til barnet som er overkommelege. Funna våre peikar også på at barnehagane er bevisste på viktigheita av tverrfagleg samarbeid, og alle informantane gir uttrykk for at dei skaffar hjelp utanfor barnehagen dersom dei føler at kompetansen og tiltaka dei sett i gang ikkje strekk til. Dei legg også vekt på viktigheita av god dialog og samarbeid med foreldra til barna.

Informantane har peika på mange ulike kjenneteikn på barn med innagerande åtferd, og dei har gjennom denne undersøkinga vist at dei ønskjer å styrke den sosiale kompetansen til barna som viser slik åtferd. Barna blir møtt med forståing, og av vaksne som ønskjer å førebygge den innagerande åtferda og styrke den sosiale kompetansen. Dei ønskjer å skape eit godt sosialt fellesskap for alle barna i barnehagen, sjølv om dette kan vere utfordrande, dette ved å fokusere på leik, sosial fellesskap, tryggleik, tillit, meistring og trygge vaksne som kan pushe når det er nødvendig.

Undersøkinga vår kunne ikkje avklare korleis alle barnehagar tilrettelegg for barn med innagerande åtferd og korleis ein styrker desse barnas sosiale kompetanse i barnehagen. Men dei ga oss ein peikepinn på korleis dei ulike barnehagane arbeidar med å sikre kvaliteten for desse barna.

## 6.0 LITTERATURLISTE

### **BØKER:**

Askland, L. & Sataøen, S. O. (2013). *Utviklingspsykologisk perspektiv på barns oppvekst*. Oslo: Gyldendal.

Barsøe, L. (2017). *Ville og stille barn i barnehagen: Veien ut av låste atferdsmønstre*. Oslo: Kommuneforlaget

Bø, I. & Helle, L. (2014). *Pedagogisk ordbok: praktisk oppslagsverk i pedagogikk, psykologi og sosiologi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Drugli, M. B. (2018). *Atferdsvansker hos barn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Jacobsen, D. I. (2015). *Forståelse, beskrivelse og forklaring: Innføring i metode for helse- og sosialfagene*. Kristiansand: Høyskoleforlaget

Lamer, K. (2014). *Dette vet vi om: Barnehagen: Sosial kompetanse*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Lund, I. (2004). *Hun sitter jo bare der!: Om innagerende atferd hos barn og unge*. Bergen: Fagbokforlaget

Lund, I. (2014). *Det stille atferdsproblemet: Innagerende atferd i barnehage og skole*. Bergen: Fagbokforlaget

Midthassel, V. U., Bru, E., Ertsvåg, K. S. & Roland, E. (2011). *Sosiale og emosjonelle vanskar: Barnehagens og skolens møte med sårbare barn og unge*. Oslo: Universitetsforlaget

Ogden, T. (2016). *Sosial kompetanse og problematferd blant barn og unge*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Ringdal, K. (2018). *Enhet og mangfold: Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget

Rognsaa, A. (2015). *Bacheloroppgaven: Skriveråd og regler for utformingen*. Oslo: Universitetsforlaget

**URL:**

Hamre, S. & Flaten, K. (2017). *Dei stille barna blir ikkje sett*. Henta frå:

<https://www.utdanningsnytt.no/forste-steg/debatt/2017/august/dei-stille-barna-blir-ikkje-sett/>

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver*. Henta frå: <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Pettersen, S. (2017). *Hvordan møte og forstå de stille barna i barnehagen*. Henta frå:

<https://www.utdanningsnytt.no/spesialpedagogikk/fagartikler/2017/hvordan-mote-og-forsta-de-stille-barna-i-barnehagen/>

Størksen, I. (2013). *Hva er sosial kompetanse?* Henta frå:

<https://utdanningsforskning.no/artikler/hva-er-sosial-kompetanse/>

# Vedlegg 1: INFORMASJONSSKRIV



## INFORMASJONSSKRIV

Vi er bachelorstudentar ved Høgskulen på Vestlandet, og skal skrive ei bacheloroppgåve om innagerande åtferd og sosial kompetanse. Vår vinkling ligg på kva innagerande åtferd er og korleis ein kan styrke desse barna sin sosial kompetanse. For å få fram god kunnskap om dette ynskjer vi å intervjuje pedagogar og fagarbeidarar som arbeidar i barnehage og slik har god kjennskap til barns åtferd.

Det er frivillig å delta i undersøkinga, og ein kan trekke seg når som helst. All informasjon som vert samla inn gjennom denne undersøkinga vil bli anonymisert. Informasjonen vert kun brukt til bachloroppgåva, og vil bli sletta etter dette.

Intervjuet vil ta ca. 30 min og vi møter deg gjerne der det passar deg best.

Dersom du har spørsmål i etterkant kan du kontakte oss på:

Eline: [enilekva@hotmail.com](mailto:enilekva@hotmail.com) eller 91778548

Stine: [stinehukset@hotmail.com](mailto:stinehukset@hotmail.com) eller 90262190

Rettleiar er Kirsten Flaten, dosent, Høgskulen på Vestlandet.

E-post: [kirsten.helen.flaten@hvl.no](mailto:kirsten.helen.flaten@hvl.no)

Takk for at du tek deg tida til å svare på spørsmåla våre!

Med venleg helsing

Eline Kvamme & Stine Hukset

# Vedlegg 2: INTERVJUGUIDE

## INTERVJUGUIDE

**Tema: Innagerande åtferd og sosial kompetanse**

### **Problemstilling:**

Kva er innagerande åtferd og korleis jobbar barnehagane med å styrke den sosiale kompetansen til barna som viser slik åtferd?

### **Bakgrunnsinformasjon**

- Kva slags utdanning har du?
- Kor lenge har du jobba i barnehage?

### **Korleis opplever du barn som viser innagerande åtferd?**

- Beskriv omgrepet innagerande åtferd slik du forstår det.
- Har du møtt slike barn i barnehagen?
- Korleis er det å arbeide med slike barn?
- Kva opplever du er den største utfordringa i barnehagekvardagen i forhold til desse barna?

### **Korleis kan du som barnehagelærer styrke den sosiale kompetansen til barn som viser slik åtferd?**

- Kva opplev du at dessa barna strevar med når det gjeld sosial kompetanse?
- Korleis jobbar du når du skal styrke den sosiale kompetansen til barn som strevar med dette?
- Vert det sett i gang tiltak?

### **Avslutningsvis**

- Er det noko meir du har lyst til å utdjupe?



## Ansvarsfordeling

Før vi byrja på bacheloroppgåva om barn med innagerande åtferd i barnehagen og sosial kompetanse, bestemte vi oss for å avtale tider der vi satt oss ned i lag og skreiv på oppgåva. Vi bestemte ikkje på førehand kven som skulle skrive kva, men tok heller litt ansvarsfordeling på ulike tema når vi møttes og kom godt i gong. Vi har alltid vert einige med kvarandre og vert flinke med å spørje etter råd og rettleiing på ulike avsnitt/kapittel gjennom bachelorskrivinga frå kvarandre og ved hjelp av rettleiing via e-post med rettleiing og direkte rettleiing.

Teorien har vi funnet i lag ved hjelp av biblioteket, artikkelar på internett og bokhandel. Vi har skrevet alt i lag og blitt einige med kvarandre. Vi har retta kvarandre sine avsnitt/kapittel og skrevet inn meir teori der det trengst ved godkjenning frå kvarandre.

Liten oversikt over kven som har skreive mest frå kvar teoribok:

<b>Eline</b>	<b>Stine</b>
Lund (2004 og 2014)	Drugli (2018)
Barsøe (2017)	Midthassel et.al (2011)
Ogden (2016)	

Fire informantar vart intervjuet av oss begge. To av intervjuet vart gjort via telefonsamtale og to ved direkte møte på avtalt stad. Vi fordelte ansvaret likt ved å bytte på å vere intervjuaren som haldt samtalen i gong ved å stille spørsmål, og det å vere observatøren som skreiv ned det som vart sagt gjennom intervjuet. Det same gjorde vi med telefonintervjuet ved å ta på høgtalar.

I ettertid har vi arbeida i lag med å samle saman likskapar og ulikskapar med intervjuet, som vi har brukt i empiri og drøfting kapittelet. Her diskuterte vi i lag og fann fram til resultat ut i frå informantanes refleksjonar og erfaringar.